



Sjukepleiar Marit Sjøwangen er medisinsk ansvarleg på seglturen til Shetland i tida 23. - 28. mai.

Marit Sjøwangen er klar for sitt 15. tokt som medisinsk ansvarleg på STATSRAAD LEHMKUHL. Seglturen startar i dag, tysdag 23. mai og vert avslutta søndag 28. mai. Turen går til Lervick på Shetland. Marit skal sjå til at mannskap og medseglarar får ein fin tur utan helseproblem. Sjøsjuke er vanleg og ikkje alvorleg. Sjukelugaren står klar dersom Marit Sjøwangen vurderer situasjonen slik. Engasjementet hennar har gått over ein periode på 8 år.

Å vera medseglar på den staselege seglskuta vil sei at du tek dine sjøvakter og tek del i arbeidet ombord. Det kan vera rortørn, utkikk, gå i riggen, laga og servera mat og ikkje minst gå brannvakt. Alle ligg i hengekøye på banjeren. Knut E. Skåla frå Rosendal er ein av mange medseglarar på denne turen.

STATSRAAD LEHMKUHL er den største seglskuta i Noreg, bygd i Bremerhaven i 1914 for den tyske handelsflåten. I den fyrste verskrigen vart skuta teken som prise av Storbritannia. Sidan 1921, då tidlegare statsråd Kristoffer Lehmkuhl kjøpte skipet, har hemeamna vore Bergen.

Skipet var ein del av Reksten sin flåte frå 1967 fram til ei eiga stifting overtok drifta.

Marit Sjøwangen har lova å senda uskedalen.no bilete frå seglasen til Shetland.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Marit er mønstra på STATSRAAD LEHMKUHL som frivillig med ansvar for mannskap og medseglar si helse.